



MØTEPROTOKOLL

A

Utvalg: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus. Møteromet Hasund 1. etasje.
Dato: 26.11.12
Tid: 13.30 – 16.20.

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jan Einar Helseth	Leiar	
Ottar Kaldhol	Nestleiar	
Berit Lyngstad	Medlem	
Kåre Johan Lynge	Medlem	
Annelise Kleven Godø	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå Vest kontrollutvalssekretariat møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg finansiell revisjon

Frå kommunen- /kommuneadministrasjonen møte:

Namn	Stilling
Einar Vik Arset	Rådmann. I sakene 52 og 53.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel
45/12	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
46/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
47/12	MELDINGAR
48/12	RETTELEIING FOR KONTROLLUTVALET OM KOMMUNESTYRET SITT TILSYNSANSVAR
49/12	PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2012-2016
50/12	GJHENNOMGANG AV MØTEBØKER 2012
51/12	ORIENTERING OM PÅGÅANDE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
52/12	PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012-2016
53/12	RAPPORT 2 TERTIAL 2012

-----0-----

**SAK 45/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN.**

Samrøystes vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteboka saman med leiaren vert vald Berit Lyngstad.

SAK 46/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet den 22.10.12 vert godkjent.

SAK 47/12 MELDINGAR

Vedlegg (meldingar):

1. Kommunal økonomi: Internkontroll
2. Kommunestyresak 102/12 Tilhøve til sakshandsaming og avgjerd om omsorgsløn

Samrøystes vedtak:

Meldingane 1 og 2 vert tekne til orientering.

**SAK 48/12 RETTLEIING FOR KONTROLLUTVALET OG KOMMUNESTYRET
SITT TILSYNSANSVAR**

Samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret vedtek Rettleiing for kontrollutvalet og kommunestyret sitt tilsynsansvar i samsvar med vedlegget.
2. Møta i kontrollutvalet vert først opne etter eige vedtak i utvalet og seinast ved lovendring om opne møte.

SAK 49/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2012-2016

Samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret vedtek Plan og retningsliner for selskapskontroll 2012-2016 i samsvar med vedlegget.
2. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt.5 i Plan og retningslinene.

SAK 50/12 GJENNOMGANG AV MØTEBØKER 2012

Flg. møteprotokollar var til gjennomgang:

- | | |
|--------------------------------------|-------|
| 1. Kommunestyret: | 25.10 |
| 20. SSR IKS – representantskapsmøte: | 03.11 |

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møtebøker.

SAK 51/12 ORIENTERING OM PÅGÅANDE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Revisjonen orienterte kort om framdrifta på forvaltningsprosjektet om omsorgsløn.

Samrøystes:

Kontrollutvalet konstaterer at arbeidet er gang etter at revisjonen har purra for å få fram informasjon frå administrasjonen.

SAK 52/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012-2016

Rådmannen var innkalla i samband med forhandlingane og kom med prosjekt han kunne tenkje seg utført. Innspel frå rådmannen er markerte i aktuelle område i innstillinga.

Samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013 – 2016 slik den ligg føre, med prioritering av flg. forvaltningsrevisjonsprosjekt/område

1. Prosjekt innanfor Pleie/omsorg evt. helse og sosialsektorane.

Aktuelle prosjekt kan vere:

- Leing, samhandling og økonomistyring
- Saksbehandling innanfor pleie og omsorg – enkeltvedtak. (Innspel frå rådmannen, 1 prioritet)
- Bekymringsmeldingar. (Innspel frå rådmannen, 3 prioritet)
- Institusjonsplassar i høve til heimetenestene

2. Prosjekt innanfor Teknisk sektor.

Aktuelle prosjekt kan vere:

- VA (Vatn og avløp). Innspel frå rådmannen, 2 prioritet.
- Tildeling av tomter inkl. tilhøve til tilstøtande områder
- Planlegging inkl. landbruksareal og bruken av det
- Byggesaksbehandling

3. Prosjekt innanfor Skulesektoren/Barnehagesektoren.

Aktuelle prosjekt kan vere:

- Bekymringsmeldingar frå skuleverket/barnehagesektoren i høve til barnevernet (Jf også rådmannen sitt forslag på 3 prioritet)
- Spesialundervisning / PPT
- Skulefritidsordninga

4. Administrasjon og økonomi, generelt.

Aktuelle prosjekt kan vere:

- Gjeldssituasjonen for kommunen
- Økonomistyringa generelt i kommunen. Også med som rådmannen sitt prosjekt på 4 prioritet. (Dette kan då også inndelast i økonomistyring pr sektor.)

Kontrollutvalet skal gjere presiseringar og utdjuping av prosjekt for dei aktuelle områda når dei er klare for utføring.

2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioriteringa i perioden.
3. Betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon.. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).

SAK 53/12 RAPPORT 2. TERTIAL 2012

Rådmannen vart innkalla for å orientere og svare på spørsmål.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek Rapport 2. tertial 2012 og rådmannen sitt notat til formannskapet av 12.11.12 til orientering.

Jan Einar Helseth

Berit Lyngstad

Kopi til: Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte